

Vann Holmenkollstafetten.

14.05.2017

Thomas Heggøy, son til Magne og Tove M. Heggøy på Rabben Feriesenter, sprang ein glimrande 1.etappe då IL Gular tok ein klar siger i eliteklassen i Holmenkollstafetten i går. Laget var i leiing frå første etappe, og Heggøy var heile 8 og 9 sek. føre dei hardaste konkurrentane Tjalve og Strindheim som vart nr.2 og 3. til slutt. Startetappen som Heggøy sprang er 1200 m. Det var mykje positiv omtale om Thomas på TV2 Sportskanalen som sende frå Holmenkollstafetten.

Elles var det også i år fleire uskedelingar som deltok i Vårens vakreste eventyr i lågare klassar.

tid